

## **Vedtekter for Lidar Vel**

Vedtatt på årsmøte 24. mars 2016.

### **§ 1 Formål**

Lidar Vel har som formål å verne om og fremje rettane til medlemmane og deira felles interesser.

### **§ 2 Medlemskap**

Alle som har hytte, seter eller annan eidegom i området frå Dyringen til Musybytta kan vere medlemmar av Lidar Vel. Medlemskap er først gyldig når kontingenen er betalt.

### **§ 3 Stemmerett og tillitsverv**

Alle medlemmar har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i Lidar Vel.

### **§ 4 Kontingent**

Kontingenen blir fastsett av årsmøtet og betalt på forskot.

Medlemmar som skyldar kontingen for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og bli strokne av styret som medlem av Lidar Vel. Storken medlem blir ikkje medlem att i Lidar Vel før skyldig kontingen er betalt.

### **§ 5 Godtgjersle av tillitsvalde**

Tillitsvalde kan få økonomisk godtgjersle etter satsar og på vilkår vedtekne av årsmøtet.

### **§ 6 Årsmøte**

Årsmøtet er øvste organ i Lidar Vel og blir halde kvart år i perioden frå mars til august månad. Årsmøte blir kalla inn med minst fire vekers skriftleg varsel til medlemmane og ved oppslag i området.

Saker medlemmane ønskjer å få behandla av årsmøtet må vere styret i hende seinast to veker før årsmøtet. Dette gjeld også framlegg om vedtektsendring. Fullstendig saksliste må vere tilgjengeleg for medlemmane seinast ei veke før årsmøtet.

Alle medlemmar har rett til å møte på årsmøtet. Styret kan etter vedtak invitere andre til årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført med talet på røysteføre medlemmar som møter. Ingen har meir enn ei stemme i årsmøtet. Med unntak av vedtektsendringar og opplysing av Lidar Vel, tek årsmøtet avgjerd med enkelt fleirtal. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal. Røysting kan skje ved fullmakt på vegner av ein medlem.

Årsmøtet skal berre behandle saker som er oppført på saklista.

### **§ 7 Årsmøteoppgåver**

Årsmøtet skal:

- a. Godkjenne innkalling og velje møteleiar.
- b. Behandle årsmelding.
- c. Behandle årsrekneskap i revidert stand.
- d. Behandle innkomne forslag.
- e. Fastsetje kontingen
- f. Fastsetje eventuell godtgjersle til tillitsvalde.
- g. Velje styremedlemmar for to år, slik halvparten av styret (to eller tre medlemmar) er på val kvart år.
- h. Velje leiar for eitt år blant styremedlemmane.
- i. Velje revisor for eitt år.
- j. Velje ein medlem til valkomiteen for to år.

## **§ 8 Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte blir halde når styret bestemmer det, eller meir enn 1/5 av medlemmene krev det. Ekstraordinært årsmøte blir kalla inn med 14 dagars skriftleg varsel.

## **§ 9 Styret**

Styret i Lidar Vel skal ha 5 medlemmar. Med unntak av leiar konstituerer styret seg sjølv. Styret er øvste organ i Lidar Vel mellom årsmøta.

Styret skal:

- a) Gjennomføre årsmøtevedtak.
- b) Stå for og føre kontroll med den daglege drifta av Lidar Vel.
- c) Føre kontroll med økonomien til Lidar Vel.
- d) Representere Lidar Vel utetter og gje uttale i saker som er viktige for medlemmane.

Styreleiar kallar inn til styremøte. Styremøte blir elles halde når eit fleirtal av styremedlemmane krev det.

Styreleiar leier møta. Dersom styreleiar ikkje møter, leier nestleiar møtet. I tilfelle verken leiar eller nestleiar møter, vel styret møteleiar.

Styret er vedtaksført når minst tre styremedlemmar er med på møtet. Vedtak blir gjort med fleirtalsvedtak. Ved like røystetal avgjer røysta til møteleiar.

Leiar eller den som styret peikar ut teiknar for Lidar Vel etter vedtak i styret.

## **§ 10 Valkomité**

Lidar Vel skal ha valkomité med to medlemmar. Ein medlem av valkomiteen er på val kvart år.

Valkomiteen innstiller overfor årsmøtet på val av styremedlemmar, styreleiar, revisor og ny medlem til valkomiteen. I tilfelle godtgjersle til tillitsvalde, innstiller valkomiteen også på satsar og vilkår for slik godtgjersle.

Valkomiteen er ansvarleg for å halde oversikt over kven som til kvar tid er på val. Innstillinga frå valkomiteen skal vere klar i god tid før årsmøtet.

## **§ 11 Opplysing**

Lidar Vel kan berre bli opplyst av lovleg innkalla årsmøte der minst  $\frac{3}{4}$  fleirtal røystene er for opplysing. Røystinga skal vere skriftleg.